


Debutant med stø hand

Varierte, sjølvstendige og gjennomtenkte noveller.



NOVELLER

KARINE NYBORG:

Ikke rart det kommer kråker

ASCHEHOUG 2010

Karine Nyborg er professor i samfunnsøkonomi. Og jammen er ho økonomisk: Knapt og suverent presenterer ho novellene sine i debutboka *Ikke rart det kommer kråker*. Orda er inviterte inn i boka etter eit utsøkt utval. Ikkje rart det kjem noveller, når ein skriv på denne måten.

Samfunn har ho og greie på: korleis vi menneske kan finnast saman. Dét ser kanskje ut som ei enkel sak i livsstilsjournalistikken, men Nyborg skriv om den verkelege verda, der menneska står sjokkerande tett på kvarandre. Så tett at nokre av dei aldri kan møtast.

UVENTA KYSS

Ein gut må ta vare på den alkoholisererte og forkrøpla mora. Ein far med eit dårleg forhold til sonen har likevel tenkt seg i bryllaupet hans i Frankrike, men kjem aldri fram. Eit foreldrepår har sidesprang på

kvar sin kant, og vi ser det gjennom dei uvitande og utrena augo til barnet. Ei mor og ein son har vakse frå den fortrulege relasjonen dei hadde då sonen var barn, men finn saman igjen i ei plutselig forståing av at dei deler nokre fobiar og tvangstankar.

Nokre av tinga menneska gjer i Nyborgs noveller er kvalmande, urovekkjande, ein blar om med ein liten klump i magen og fryktar det verste. Så kjem gjerne noko uventa, som ein kyss plassert der ein minst skulle tru det. Eg siktar her til person, ikkje til kroppsdel. Og i novella «Det er din tur» stiller ho, gjennom

hovudpersonen som har mista kona si same dagen, spørsmålet om når det eigentleg går opp for oss at nokon som står nær oss, er døde. Det kan ta si tid. Om ein er full i tillegg, blir prosessen ytterlegare forseinka: «(...) jeg er opptatt av lysene i vannet, hvite, gule, av å finne Inger, som ikke bare er død, men i tillegg, skjønner jeg nå, har vært fraværende hele kvelden (...)».

Av og til er det fleire psykologiske moment i spel i same person, som berre blir antyda og som gjer at ein sit igjen med spørsmål som: Kvifor er denne potensielle overgriparen av ein

politimann redd for å bli sedd naken i lyset?

DOBLE TITLAR

Novellene går føre seg i varierte miljø, og hendingane er sedde gjennom folk av begge kjønn og i alle aldrar. Forteljarperspektivet vekslar mellom førsteperson og tredjeperson. Titlane heng godt saman med innhaldet, ofte på to måtar, der ein oppdagar den andre måten etter lesinga av novella er avslutta. Som i «Snakke med fremmede», der ei mor i skjul observerer dottera som snakkar med ei framand dame på biblioteket. Etter kvart kjem det fram at det er mora som er framand for dotter si. Eller som jenta i «Det må være en grunn», som lurar på kvifor ho heile tida græt og er lei seg, og til sist går til det drastiske steget å skaffe seg ein grunn. No ligg plutselig ikkje vekta i tittelen på ordet «grunn», men på «må».

Nyborg skriv om den verkelege verda, der menneska står sjokkerande tett på kvarandre.



Knapt og suverent, skriv Ingvild Bræin om Karine Nyborgs debutbok. Foto: Aschehoug

Karine Nyborg gir trass i debutantstatusen eit moge og stødig inntrykk. Frå første stund kan ein lene seg tilbake og lite på at ho greier seg på eiga hand, utan vår innblanding, kva no det kunne vere. Ho er ein av fleire lovande novelledebutantar som i dei sei-

naste par åra har vore med å føre nye og føre vidare sjangeren. Eg håpar ho har tenkt å halde fram med det.

INGVILD BRÆIN

Ingvild Bræin er litteraturvitar og fast bokmeldar for Dag og Tid